



Fonna i Eikedalen med dei mange namna. Kva seier du?

Den særmerkte snøfonna i Eikedalen minkar dag for dag, men er enno godt synleg. Tradisjon og plassen, du ser fonna frå, avgjer kva namn du brukar. Uskedalen.no skriv kvart år om landskapsformer, stadnamn og munnlege seiemåtar. No gjeld den karakteristiske snøfonna i Eikedalen.

Mange kallar fonna for Skjortefonno, andre seier Skjorteflakfonno. Kjem du til Uskedalen på inn framom Steinsletto, ser det ut som ein brur med krone og langt slør. Då er namnet Bruro. Nokre synest det liknar på Dronning Maud, dronninga frå England og som kom til landet i 1905. Ho var lita og tynn rundt livet. Enno eit namn er Skjortebrystet. Bønder på Eik, og som hadde sauer i Eikedalen, sa ofte Skjorteflakkjen.

Vi spør: Kva namn brukar du og kva er bakgrunnen for denne seiemåten ?
Redaksjonen er takksam for tilbakemeldingar på kva lokale tradisjonar som er avgjerande for namnet.

Tekst/foto: Kristian Bringedal
Nett: Thor Inge Døssland